

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 26.10.2021

Marianne Sæhle reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er nestleiar i styret for fagskulen i Hordaland. Sæhle gjekk frå under vurderinga. Hovudutval i næring vedtok samrøystes at ho ikkje var inhabil. Sæhle tiltredde sakshandsaminga.

Kine Bratli Dale (Ap) sette fram slikt forslag på vegner av Ap, FrP, H, MDG, Sp, Sv, V, KrF og U:

«Tilleggsforslag:

Fylkestinget viser til vedtektene § 1-3 punkt 4 b under styresamansetjing. Utvalet ønskjer å presisere viktigheita av at styrerepresentanten har god dialog med næringslivet og innsikt i kva som rører seg i de ulike bransjane i fylket. Utvalet vil derfor foreslå at det er fylkesdirektør for næring som trer inn i styret. Dette er også i trå med prosjektstyret si uttale.

Fylkestinget viser til vedtektene § 1-3 punkt 4 c under styresamansetjing. Utvalet ønskjer å presisere viktigheita av at representantane frå arbeids- og næringsliv representerer bredda i næringslivet og ikkje enkelt bedrifter. Utvalet vil derfor foreslå at man vidarefører ordninga frå prosjektstyret der relevant arbeids- og næringsliv er representert ved partane i arbeidslivet. Dette er også i tråd med prosjektstyret si uttale.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Bratli Dale sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget utøver eigarstyring gjennom oppnemning av styre, fastsetjing av vedtekter og budsjett, samt gjennom målstyring i samband med regional kompetansepolitikk.
2. Forslag til reviderte vedtekter for styret for Fagskulen Vestland vert vedteke slik det kjem fram av saka.
3. Den fylkeskommunale fagskulen skal vere organisert som ein del av opplærings- og kompetansesektoren.
4. Fylkestinget viser til vedtektene § 1-3 punkt 4 b under styresamansetjing. Utvalet ønskjer å presisere viktigheita av at styrerepresentanten har god dialog med næringslivet og innsikt i kva som rører seg i de ulike bransjane i fylket. Utvalet vil derfor foreslå at det er fylkesdirektør for næring som trer inn i styret. Dette er også i trå med prosjektstyret si uttale.
5. Fylkestinget viser til vedtektene § 1-3 punkt 4 c under styresamansetjing. Utvalet ønskjer å presisere viktigheita av at representantane frå arbeids- og næringsliv representerer bredda i næringslivet og ikkje enkelt bedrifter. Utvalet vil derfor foreslå at man vidarefører ordninga frå prosjektstyret der relevant arbeids- og næringsliv er representert ved partane i arbeidslivet. Dette er også i tråd med prosjektstyret si uttale